

UTTALE FRÅ HOLET OG MOEN GRENDEUTVAL TIL KOMMUNEPLANENS SAMFUNNSDEL.

Uttalen bygger på det som kom fram på møtet på Vika 22.1.18 og forhold som grendeutvalet har drøfta i sine møter.

Overordna målsettingar:

- Øystre Hol skal stå fram som eit attraktivt alternativ å bu i. For å få dette til må ein ta vare på og utvikle dei offentlege kontora/institusjonane ein har. Det gjeld kommunehuset, Hallingskarvet skole, barnehagen, Høgehaug og aldersbustadane i området, biblioteket velferdssenteret, brannstasjon og legekantoret. I tillegg til å vera avgjerande viktig for dalføret, er dei også viktige arbeidsplassar
- Det må gjennom fornying av reguleringsplaner og forenkling av dei leggast til rette for næringsutvikling.
- Kommunen må styrke arbeidet med næringsutvikling og vera meir framoverlent og invitere til samarbeid med alle kreative krefter om dette.
- Tomtefeltet i Grønlie må opparbeidast og det må gjennom samarbeid med husleverandørar arbeidast for å få etablert rimelege og enkle husvære
- Det må gjerast enklare å bygge spreidd.
- Det må vera eit overordna politisk mål å skapa vekst også i denne delen av kommunen
- Kommunen må vera meir aktiv for å sikre Fv.50 som heilårsveg, den er livsnerva for Øystre Hol.
- Kraftproduksjon er ei stor inntektskjelde for Hol og kommunen må vera offensiv i arbeidet for å sikre lokalt eigarskap i framtida

Næringsutvikling.

- Kleivi er ein svært viktig arbeidsplass og det kommunale engasjementet for vidare utvikling der må sikrast.
- Unge grunderar saknar rettleiing og hjelp frå kommunen. Her må kommunen ta ei meir aktiv rolle
- Kommunen si verktøykasse for næringsutvikling treng mykje påfyll og det må prioriterast.
- Fiberutbygginga må halde fram. Den er i dag like viktig som annan infrastruktur. Kommunen må ta eit større ansvar for å få full dekning.
- Utvikling av hytteområder skaper mange arbeidsplassar. Det er god plass til mange fleire hytter i Øystre Hol. Ringverknadane av hyttebygging er svært store for mange næringar
- Landbruket er under store endringar. Kommunen må vera ein aktiv medspelar slik at dei som vil satse på landbruk i framtida får høve til det, blant anna ved at dyrka jord blir sikra.
- Framtida vil etter alle solemerker by på mange nye yrker og andre vil forsvinne. Hol kommune bør vera framoverlent i forhold til denne utviklinga for å sikre seg nye typer arbeidsplassar blant anna i Kleivi.

Bustadar.

- Opparbeide tomtefelt med muligheit til rimelege bustadar
- Eksisterande kommunale bustader som står tomme må enten selgjast eller brukast aktivt i arbeidet med å få folk til å busette seg ved at dei får bruke bustaden som prøvubustad til rimeleg leige i eit visst antal år.
- Kongshaugen kan utviklast til bustadformål. Kommunen bør ta ei aktiv rolle for å få dette til.

•

Kultur.

- Kultursektoren må tre tydlegare fram enn i dag og samarbeidet med lag og foreningar må styrkast, det vil gagne alle.
- Tilskota til lag og foreningar må ikkje reduserast, det må heller aukast for desse er svært viktige i alt kulturarbeid. Kommunen får mykje ut av relativt små tilskot til lag.
- Storstugu Bygdahall er den viktigaste kulturarenaen i øystre Hol. Bruken må aukast, og det kan blant anna gjerast ved at eigaren sjølv, Hol kommune bruker den til kurs, større møter m.m.
- Tettstadsområda i kommunen må stellast betre med. Turistkommunen Hol må ha råd til å foreta nødvendig planting og godt vedlikehald slik at tettstadane står fram som triveleg stader å stoppe.
- Idrett på ulike nivå er viktig for folkehelsa også i øystre Hol og det må framleis satsast på gode anlegg for ulike idrettsaktivitetar.

Vi viser elles til vedlagte liste der alle innspela frå gruppene er skrivne av og ber om at også dei blir sett nøyre på i det vidare arbeidet. Vi er klar over at noko av det som er kome fram ikkje er oppgaver kommunen aleine kan gjera noko med, men vi har late dei stå. Det er oftast slik at mange må dra saman for å lykkast.

3576 HOL 25.1.18

Holet og Moen grendeutval

Knut Medhus Arnfinn Berg Oddvar Reinton Gunnveig Nerol, Anne Marit Nerol
Bodil Jensen Turid Birgit Lien

Alle er forelagt dette før det er sendt til Hol kommune.